



# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgave

ABLU-BACH15

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	18-05-2018 09:00	<b>Termin:</b>	2018 VÅR
<b>Sluttdato:</b>	25-05-2018 14:00	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Bacheloroppgave	<b>Studiepoeng:</b>	15
<b>SIS-kode:</b>	203 ABLU-BACH15 1 BOPPG 2018 VÅR		
<b>Intern sensor:</b>	Jørgen Nerland		

### Deltaker

<b>Navn:</b>	Lillian Vaarvik
<b>Kandidatnr.:</b>	21
<b>HVL-id:</b>	136946@hvl.no

### Informasjon fra deltaker

<b>Tittel *:</b>	Naturmiljøet som leikeplass for barna
<b>Antall ord *:</b>	9713
<b>Navn på veileder *:</b>	Jørgen Endseth Nerland
<b>Tro- og loverklæring *:</b>	Ja
	Jeg bekrefter at jeg har Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Naturmiljøet som leikeplass for barna

Natural environment as a playground  
for children

**Kandidatnummer 21**

**Lillian Vaarvik**

ABLU-BACH15

25.05.2018

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

# *Barn sin uteleik*

*«Me kan hoppa i sølepyttar og fanga regndropar med tunga»*



«Foto: Trond Laugaland- Brukt med tillating»

*«Korleis kan naturmiljøet påverka barna sin leik?»*

## **Bachelor oppgåve våren 2018**

## Forord

Eg går fjerde året ved arbeidsplass basert barnehagelærer utdanning ved Høgskulen på Vestlandet. I den forbindelse er eg nå i gong med ei avsluttande bachelor oppgåve. Mitt val av tema landa på barns uteleik, då dette er noko som eg interesserar meg veldig for, og som nok kan stamma i frå egne gode opplevingar i min eigen barndom. Der fekk eg saman med mor, far systema mi, og hunden vår vere med på alt frå jakt, fiske og innhausting frå naturen. Både i skogen, ved sjøen og oppe i høg heia. Innimellom alle desse opplevingane var det rom for at eg og systema mi fekk gode leike opplevingar saman ute i naturen. Dette har vore med på å danna meg til den eg er i dag. Desse gode opplevingane i naturen ynskjer eg at mine barn skal få oppleve, og som framtidig barnehagelærer ynskjer eg å lære meir om *korleis kan naturen påverka barn sin leik*. Slik at eg i mitt arbeid med barn kan vere medviten om korleis ein kan nytte naturen.

Under ein av mine skrive prosessar kom dotter mi Ida på fem år og slo av ein liten prat med meg. Ho undra seg over kva eg skreiv om. Då eg forklara henne det, svarta ho så treffande: «Me kan hoppa i sølepyttar og fanga regndropar med tunga». Hennar sitat har frå det augneblikket vore med meg under denne prosessen. I tillegg dukka det opp eit bilde me har av ho, der ho leikar i vatn ute i naturen. Dette sitatet og bildet tykkjer eg seier mykje om gleda av å leika ute i naturen, difor er det med på framsida som ein start og introduksjon på oppgåva. Eg vil rette ei stor takk til alle mine tre jenter, Anna, Mari og Ida som kvar dag lærer meg om å nytte og leve livet. I tillegg vil eg rette ei stor takk til min tolmodige Arvid.

Eg vil rette ei stor takk til min rettleiar Jørgen Endseth Nerland som under arbeidet med denne bachelor oppgåva har gitt meg svært god hjelp. Han har rettleia, utfordra og motivert meg gjennom heile prosessen. Gjennom hans kloke ord og tilgjengelegheit har dette vore ei interessant og svært lærerik prosess for meg. I tillegg vil eg rette ei stor takk til barnegruppa som gav meg innpass til å få observera leikens verden, tett på barna ute i naturen. Tusen takk for eg fekk ta del i dykkar opplevingar.

Hamra

Mai 2018

## Samandrag

Problemstillinga til denne Bachelor oppgåva er «*Korleis kan naturen påverka barna sin leik?*». Mitt mål med denne oppgåva er som framtidig barnehagelærer å bli medviten om moglegheitene naturen kan gi og tilføre til barna sin leik.

Eg har brukt ein kvalitativ metode gjennom observasjon, og hatt ein fenomenologisk tilnærminga til barna og deira leik ute i naturmiljøet.

Mine observasjonar viser at affordancesen til naturen påverka gjennom å invitera barna til risikoleik, der eg fant funn som høyrer til kategorien stor fart eller i høgder. Dette førte igjen til ei kjensla av motivasjon og meistring hjå barna, som førte til nye forsøk på å meistre. Naturen påverka også barnas leik gjennom å invitera barna til kulturell leik.

## Innhold

1.0	Innleiing.....	1
1.1	Val av tema og problemstilling .....	1
1.2	Avklaring og avgrensing av omgrep .....	1
2.0	Teoridel .....	2
2.1	Barnehagens oppgåve.....	2
2.2	Leik og affordances .....	3
2.3	Naturmiljøet som leikeplass .....	4
2.3.1	Risikoleik i naturmiljøet.....	5
2.5	Motivasjon, meistring og risikomeistring.....	7
3.0	Metode.....	8
3.1	Val av metode.....	8
3.2	Kvalitativ metode .....	8
3.2.1	Observasjon.....	9
3.3	Etiske perspektiv .....	10
3.4	Svake og sterke sider .....	10
3.5	Min forskning prosess .....	11
3.6	Analyse og presentasjon av datamateriale.....	11
4.0	Funn, analyse og drøfting .....	11
4.1	Barns uteleik.....	12
4.1.1	Barns leik, vennskap og affordances .....	12
4.1.2	Barns risikoleik ute i naturen.....	14
4.2	Den kulturelle uteleiken i naturmiljøet.....	15
4.3	Barns motivasjon og meistring ute i naturmiljøet .....	17
5.0	Avslutning og konklusjon .....	19
	Kjelder .....	22
	Vedlegg .....	23
	Foreldreinformasjon .....	23
	Praksisforteljing «Haugen 07.03.18» .....	24
	Praksisforteljing «Berget 05.03.18» .....	25
	Praksisforteljing «Klatretre i haugen 20.03.18».....	26

## 1.0 Innleiing

Her vil eg presentere bakgrunn for mitt val av problemstilling. Eg vil også definere og avgrensa nokon av omgrepa som eg kjem til å bruke i mi oppgåve.

### 1.1 Val av tema og problemstilling

Mitt val av tema og problemstilling har bakgrunn i egne gode erfaringar frå eigen barndom og uteleik i naturen. No er eg vaksen og ser og kjenner gleder mine egne barn viser når dei brukar naturen i sin leik. Eg kjenner den kriblande, boblande og spanande kjensla barna mine viser i sin leik. Dette er noko som interesserar meg, og eg vil som framtidig barnehagelærer gjere mitt beste for at barn i barnehagen skal få oppleve naturen som ein arena for leik. I fylgje Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (2017, s. 52) skal personalet i barnehagen legge til rette for at barna får bruke naturen som ein arena for leik, undring, opplevingar og læring. Barna skal få eit mangfald av naturopplevingar. Ut i frå mitt sterke ynskje om å gå inn i og sjå på kva naturen betyr for barna sin leik, dukka problemstillinga mi fram: *Korleis kan naturmiljøet påverke barna sin leik?*

For å forsøke å finne svar på problemstillinga mi, har eg valt å ha med meg ei barnegruppe med seks barn ut på tur, til det same naturmiljøet kvar gong. Eg ynskjer å observere leiken og samspelet barna i mellom, men og samspelet barna har med naturen i deira leik. I denne oppgåva ynskjer eg å vere tett på barna i deira leik ute i naturen. Dette er eit val eg tok, fordi eg ynskjer å få eit innblikk i korleis naturen kan påverke leiken som barna har. I fylgje Christoffersen og Johannessen (2012, s. 99) er fenomenologisk tilnærming innanfor den kvalitative metoden, når ein utforskar og beskriv menneske og deira erfaringar med eit fenomen. Mi tilnærming til barna og deira møte og leik med naturen vil difor bygge på ein fenomenologisk tilnærming.

### 1.2 Avklaring og avgrensing av omgrep

Her vil eg avgrensa nokre omgrep, ved seinare bruk av desse omgrepa i mi oppgåve, er det denne bakgrunnsforståinga for omgrepet eg brukar. Eit av omgrep som eg vil bruke er «leikens eigenverdi» I fylgje Wolf (2014, s. 19) må me rette merksemda mot barna sine opplevingar i leiken. Ved å ta barn sine perspektiv kan me oppdage leiken sin eigenverdi. Det er dette eg ynskjer å gjera i denne oppgåva, nemleg observere og prøve å ta barna sitt perspektiv på leiken som barna har, for at eg sjølv skal lære og forstå.

Eit anna omgrep som eg ofte brukar i mi oppgåve er «naturmiljø», Fjørtoft (2013, s. 187) hevdar at miljøet i naturen er vekslende og inneheld mange utfordringar og moglegheiter. I

min oppgåve har eg valt å ta barna med på tur til det same naturmiljøet kvar gong eg skulle observera. Dette miljøet inneheld bratte berg til å balansera og klatra på, tre til å klatre i, store og mindre steinar, bekk og bratt skråning. Det var også mogleg for barna å gøyme seg vekk i det kupperte terrenget.

## 2.0 Teoridel

Her vil eg presentere teorien som er delt inn i fire underkapittel. Desse er barnehagens oppgåve, leik og affordances, naturmiljøet som leikeplass, og motivasjon, meistring og risikomeistring.

### 2.1 Barnehagens oppgåve

Når eg nå skal undersøke *korleis naturmiljøet kan påverka barn sin leik*, vil eg fyrst sjå på kva Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver seier barna skal få oppleve når det gjeld naturopplevingar og leik i barnehagen.

I fylgje Forskrift om Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 8) skal barndommens eigenverdi vernast om og anerkjennast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik. Vidare står det i Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 11) at barnehagen skal bidra til å jamne ut sosiale skilnader, samt vera helsefremjande og ha ein førebyggjande funksjon. Både den fysiske og psykiske helsa til barna skal fremjast i barnehagen. Barna skal oppleve trivsel, livsglede, meistring og kjensle av eigenverdi. Fysisk aktivitet skal stimulere rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna.

Forskrift om rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 19- 20) slår fast at barna skal få leike, og utfalde undring, utforsking og skaparglede i barnehagen. Ein skal sjå sosial kompetanse, danning, omsorg, læring, leik og kommunikasjon i samanheng og bidra til allsidig utvikling hjå barnet. Leiken sin eigenverdi skal anerkjennast og leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen. Leiken skal få gode vilkår, samtidig som alle skal oppleve glede, humor, spenning, og engasjement enten åleine eller saman med andre i barnehageleiken.



## 2.2 Leik og affordances

Med tanke på korleis naturmiljøet kan påverke barna sin leik, er omgrepa leik og affordances viktige og forstå. I fylgje Wolf(2014, s. 13) er leiken ein kulturelt definert konstruksjon.

Variasjonane ligg på tvers av kulturar, og kjem av kulturen sitt syn på leik, og moglegheiter til leik ut i frå det materielle miljøet. Wolf (2014, s. 17- 19) skriv at vaksne sitt syn på leiken påverkar haldningane og synet me har på leiken til barna. Dette vil påverke korleis me stiller oss til leiken. Synet vaksne har på leiken er ein del av det pedagogiske grunnsynet, og det indre kompasset vårt. Ein kan ved å nærme seg leiken utifrå barna sitt perspektiv og opplevingsaspekt oppdaga leiken sine egne verdiar. Zachrisen (2015, S. 19- 20) meiner leik kan bli sett på som ein måte barn er saman på, og som barna skaper sin kvardag og sitt liv gjennom. Ein kan sjå på leik gjennom to tilnæringsmåtar. Den fyrste tilnærminga er at leik kan vere ein arena for både konflikhtar og konkurranse. Men den er også ein arena for samarbeid og gode, djupe opplevingar. Den andre tilnærminga er leik som ein viktig læringsform, og leiken sin eigenverdi. I fylgje Askeland og Sataøen (2013, s.75) bygger vennskap mellom små barn på felles aktivitetar rundt leiken. Her gjer ein seg felles erfaringar, samt at ein skaper eit felles språk og ein felles ståstad. Dette kan styrke vennsksapsrelasjonane.

James Gibson (Sitert i Fjørtoft, 2013, s. 186-187) introduserte omgrepet affordances, dette kan me forstå som omgivnadane eller den funksjonen eit element i landskapet tilbyr og invitera til bruk som. Nokre døme på dette kan vere, steinar kan invitera til å bli klatra opp på, og hoppe frå. Tre som ligg på bakken inviterer til å balansera på, krype over, eller under. Snø eller is inviterer til å renne eller skli på. Opne sletter inviterer til å springe over. I fylgje Wolf (2014, s. 45-47) er det Affordances- kvalitetar ved objektet eller ved omgivnadane som oppfordrar til og gjer ei handling mogleg. Difor blir det i barnehagen viktig å undersøke kva motivasjonar og påverknader det pedagogiske miljøet har til leik og utforsking. Kva signal og oppfordringar gir dei fysiske omgivnadane? Barna vil sjå moglegheiter til å leike med omgivnadane og materiale på ein annan måte enn me vaksne ser. Både hendingar og materiale har sine oppfordrings-karakterar, altså affordances som invitera til handlingar på ulikt vis. Wolf (2014, s. 84- 85) hevdar at det å møte barn som subjekt, vil seie at ein møter barn som medmenneske, og dermed å møte barna sin leikande veremåte og uttrykksform som meiningsfull.

Lysklett (2013, s. 66) skriv at både barn og vaksne kan oppleve å kjenne på kjensla av fridom og opplevinga av å kunne gjere det ein har lyst til, om ein ikkje er bunden av detaljerte planer, rutinar eller plassmangel. Det er samtidig viktig at pedagogen reflekterer over egne verdiar

og pedagogisk grunnsyn med tanke på naturen som læringsarena. Når personalet kjenner området i naturen godt, kan dei vaksne velje kva område dei skal gå til, utifrå kva dei ynskjer barna skal oppleve. Slik kan barna få opplevingar som gjer at ein når måla i rammeplanen. Sandseter (2014, s. 20- 21) hevdar at eigenskapane i barna sitt leikemiljø påverkar barna sin leik. Kvalitetane og eigenskapane i leikemiljøet inviterer og inspirerer til visse typar leik.

## 2.3 Naturmiljøet som leikeplass

Det vil vera naturleg å sjå på kva naturen betyr for barna sin leik i denne oppgåva som nettopp handlar om barna sin leik i naturen. Her vil eg og sjå på kva forskning om dette temaet viser.

I fylgje Forskrift om rammeplanens innhald og oppgåver for barnehagen (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 52) skal barnehagen legge til rette for å gi barna eit mangfald av naturopplevingar, og la barna få kjenne på naturen som ein arena for både leik og læring.

Merete Lund Fasting (2013, s. 12) har i sin doktorgradsavhandling forska på barna sin leik og leikestadene deira. Forskingsspørsmålet hennar var «Kva karakteriserer barna sin leik i deira nærliggande uteområde, og kva skjer i relasjonen mellom barna og deira leikestader». Fasting (2013, s. 65-69) sitt overordna mål var å utvikle kunnskap om barna sin leik og leikestadene deira. Ho gjennomførte sitt prosjekt hausten 2005 ved ein skule sør i Norge. Her var ho saman med ti barn i femte klasse, både i skuletida og på fritida. Skulen ho valte har erfaring med ute skule og ligg nær skogen. Vidare skriv Fasting (2013, s. 231) at ein tradisjonelt i uteleiken kun har naturen i seg sjølv å leike med. Det å klare å leike utan tradisjonelle leiker er ein kulturell kompetanse som barna i hennar prosjekt har, men som det ikkje er sjølvstøtt at barn har. Fasting (2013, s. 191) fann i si forskning blant anna at barna leika mykje leiker som innehaldt bevegelse. Barna eksperimenterte med kroppen sine grenser, moglegheiter og gleder over bevegelse hjå barna var stor. Fasting (2013, s. 232 - 235) hevdar at barna bevega seg mykje og var i kroppsleg dialog med omgivingane. Mange av leikane var at barna utfordra kroppen sin. Når barna er i bevegelse skjer det noko med persepsjonen mellom staden barna leikar og barna sjølv. Om barnet bevegar seg i ei grein, vil greina og bevega seg. Difor må kroppen vera i dialog med staden, kunne tilpassa seg endringar og tilpassa seg omgivingane. Fasting (2013, s. 249-250) reknar opp sine funn med at bevegelse, fantasi og kreativitet er viktig i barna sin leik. Leiken er gjentakande og eksperimentell. Barn eksperimenterer både med kroppen og staden. Leiken fører somme gonger til at ein gløymer tid og stad. I stor grad

leiker barna i skrentar, trær og skogsholt. Her finn ein varierte tilpassingar som gjer det spanande og bevega seg. Barna elsker leiken sin og er nært knytt til leikestadene sine.

### 2.3.1 Risikoleik i naturmiljøet

Sandseter (2014, s. 13) meiner det blir brukt store ressursar for å ivareta tryggleik, komfort og sikkerheit i det vestlege velferdssamfunnet. Dette gjeld også barna våre. På denne måten gjer me barn sin oppvekst så trygg og komfortabel som mogleg. Kanskje me gløymer at å få oppleve å kjenne spenning og usikkerheit er viktige element for optimal stimulering og utvikling hjå barn. I fylgje Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (Utdanningsdirektoratet 2017, s. 49- 50) skal barna få delta i aktivitetar der dei får bevega seg, leike og samhandla med andre. Barna skal oppleve motivasjon, meistring og meistring av risikofylt leik ut frå eigne føresetnader i leik gjennom kroppslege utfordringar. Personalet skal gi barna variert og utfordrande rørslemiljø både i barnehagen og utanfor barnehagen sitt område.

Sandseter (2009, s. 440) samanlikna to norske barnehagar i forkinga si. Dei to barnehagane som var med i forkinga var ein ordinær barnehage og ein naturbarnehage. Det deltok 29 barn i fire-fem års alderen. Det var 21 jenter og 8 gutar. Sandseter såg i denne forkinga på eigenskapane i leikemiljøet til desse to barnehagane. Sandseter( 2009, s. 445 - 446) sitt funn på nåverande datainnsamling på aktuell affordances avslørte eit ganske likt bilete av dei to forskjellige barnehagane sine leikeplasser. Dei mest vanlege risikoleikeformene var leik i store høgder og leik med stor fart. Den ordinære barnehagen hadde fleire situasjonar med klatreaktiviteter enn natur- og utandørs barnehagen. Det gjaldt særleg at barn klatra i tre, til tross for det var mindre tilgjengelige tre på denne leikeplassen. Forskjellen mellom dei to barnehagane var observasjonar på risikoleik nær farlege element, og leik der barn kan forsvinne eller gå seg vill. Det var kun i naturbarnehagen dette blei observert. Denne forskjellen er eit resultat av eigenskapane til dei to leikeplassane. Den ordinære barnehagen hadde ingen farlege element og var inngjerda slik at moglegheitene til barna vart avgrensa, dei kunne ikkje gå vekk åleine. Medan naturbarnehagen hadde fleire farlege element, og ingen gjerde som avgrensa barnas moglegheiter. Men det vart på den andre sida kun observert leik med farlege verktøy i den ordinære barnehagen. Miljøet i naturbarnehagen gav ikkje større frekvens av risikoinitiativ blant barna enn blant barna i den ordinære barnehagen. Men derimot var det eit høgare nivå av risiko i barna sin leik, fordi leikemiljøet er meir utfordrande og tilbyr meir risiko. Ein kan anta at naturleikeplassen gir moglegheiter til barna for å oppleve meir intense og spanande leikesituasjonar enn det gjer i ein ordinær barnehage.

I fylgje Sandseter 2010,b (sitert i Sandseter 2014, s. 14) er ein definisjon på risikoleik, spanande og utfordrande leik med både kjensle av usikkerheit og ein fare eller risiko for at ein kan fysisk skade seg. Funn i forskning viser at dette som oftast førekjem utandørs og i barna sin frie leik. Ein vidare definisjon på risikoleik er i fylgje Sandseter 2007 (sitert i Sandseter, 2014, s. 14) kategorisert i seks kategoriar som beskriv korleis barn engasjerer seg i slik leik. Den fyrste er leik i store høgder, der eit fall kan føre til at ein skader seg. Dette kan vere når ein klatrar eller hoppar ned frå høgder, heng eller slenge i høgder, eller balanserer i høgder. Den andre kategorien er leik med stor fart. Dette inneber høg fart eller tempo der ein kan treffe noko eller nokon. Dette er leik som sykling, rutsje, ake og å springe ukontrollert. Den tredje kategorien er leik med farlege reiskap som kniv, øks, sag, hammar eller tau. Den fjerde kategorien er leik nær farlege element som ein kan falle i eller inni, som vatn, sjø, stup eller bål. Leik som inneber kamp er den femte kategorien. Dette kan vera leik som slåssing, fekting med pinnar eller bryting, og inneber fare for at barna kan skade kvarandre. Den siste kategorien er leik der barna kan gå seg vekk eller forsvinne. Dette kan vera ute i skogen der ein ikkje har gjerde og barna er utan oppsyn. Fasting (2017, s.53) hevdar at barn liker leikeformer som gir spenning og utfordringar. Det ligg i naturen hjå barna å utforske både seg sjølv og omgivnadane rundt seg. Gevinsten for å gjere noko dei ikkje trudde dei torte er skrekkblanda fryd og kribling i magen. Det er mellom det skumle og det gøyale skjeringspunktet som driv barna til risikoleik ligg.

Sandseter (2014, s. 16 - 18) hevdar at barn driv med risikoleik, fordi det gir barna positive opplevingar. Men det er og mange andre positive effektar av at barn har risikoleik. Barn treng å få teste grensene sine og kjenne at ein meistrar nye oppgåver. Slik utviklar barna seg til individ som er førebudd til å meistra samfunnet dei lever i. Det er viktig for barnas motoriske utvikling og den motorisk kontrollen, at barna er fysisk aktive og at barna søker motoriske og fysiske utfordringar i leiken. Ved å utvikla seg på eit kompetanseområde, må ein strekke seg lenger og lenger, og etterkvart prøve nye oppgåver som ein kanskje ikkje våga fyrste gong ein prøvde. Etter kvart vil ein meistra utfordringa. Gjennom slik leik vil ein leika seg til viktige kroppsmedvit, sterkare kropp, og betre kontroll over både kroppens moglegheiter og kapasitet. På denne måten vil barnet om det skulle oppleva å skli, vera i betre posisjon til å foreta den rette reaksjonen, raskt og godt koordinert for å få kontrollera balansen att. Ein vil få verdifull erfaring i sosiale ferdigheiter gjennom å delta i risikoleik. Slik kan ein få positiv og god sosial kompetanse. Ofte leikar barn saman når dei klatrar i tre, akar og skli. Barna hjelper ofte kvarandre til topps i klatretreet. Barna sitt ofte saman på akematta, eller står på kvar si

side på reila og gir fart. Barna samarbeider for å løyse det som kan vera utfordrande, eller om korleis oppgåver skal løysast og kva den enkelte skal ha ansvar for. På denne måten lærer barna om samarbeid og fellesskap.

## 2.5 Motivasjon, meistring og risikomeistring

For å svare på *Korleis kan naturmiljø påverka barn sin leik*, vil det etter mi meining vere viktig og rette fokuset mot omgrepa motivasjon, meistring og risikomeistring.

I fylgje Sandseter (2013, s.53) søker barn, spenning og risikoleik fyrst og fremst fordi det gir barna glede, frykt, meistring og grensesprenging. Fjørtoft (2001, s. 112-117) sitt mål for hennar forskning var å undersøke korleis barn som leikar i naturmiljøet kan stimulera den motoriske utviklinga og det blei fokusert på landskapet sine fordeler og samanheng med allsidig leik. Hovudmålet var for det fyrste å fokusera på affordances for allsidig leik. Det andre var å undersøke verknaden av leikeaktiviteter utandørs for barna sine motoriske evne og meistring. Forskinga hennar antyder forholdet mellom allsidig leik i naturmiljøet og effekten på motorisk dugleik hjå barna. Betydeleg effekt blei funnet i barna sin balanse og koordineringsevner. Dette er av stor betydning for barna sin generelle meistring av eigen kropp i forhold til det fysiske miljøet. Det er eit sterkt forhold mellom leiken sine funksjonar og landskapet sine strukturer, som oppmuntrar barna og stimulerer motorisk utvikling hjå barna. Fasting (2017, s.56) hevdar at nokre barn er flinke til å dra med seg andre barn. Dei motiverer, engasjerer og startar leikar. Dette kan føre til at dei barna med lite erfaring, får både gode opplevingar og blir inkludert i leiken.

Motivasjon er i fylgje Askeland og Sataøen (2013, s. 130- 132) eit omgrep for dei drivkreftene som bur i oss, og som får oss til å og ville gjer ein bestemt ting. Denne motivasjon kan ein vera både medviten og umedviten om. Menneske er født med eit indre behov til å meiste det sosiale og fysiske miljøet. Språklæringa til små barn kan vera eit eksempel på den indre motivasjonen, som då er eit resultat av å gjere seg forstått og å bli forstått. Å meistre er ei kjelde til glede. Når ein kjenner at ein får noko til, at ein kan noko, vil dette kunne føre oss inn i ein sjølvforsterkande sirkel. Ein kjenner ei glede over å ha meistra, som igjen vil forsterka nye forsøk på å meistre. Det går ei utviklingslinje mellom den indre og den ytre motivasjonen. Den indre drivkrafta er særleg aktiv i samband med handlingar som gir meining hjå den enkelte. Andre former for ytre motivasjon kan vera individuelt tilpassa kva

me veit om enkelte barn. Men om den ytre motivasjonen skal ha nokon funksjon, må barnet sjølv vurdere premien som viktig.

Askeland og Sataøen (2013, s. 131- 133) hevdar at positiv meistring og opplevingar vil påverka motivasjonen til framtidige prestasjonar. Erfaringane ein gjer gjennom å mislykkast eller å meistra dannar aspirasjonsnivå hjå den enkelte. Dette er eit uttrykk for det ein håpar å nå som resultat av eigen innsats. Aspirasjon er forventning til kva ein sjølv trur ein kan klare å oppnå. Her er motivasjon knytt til eigen utforskarstrong og sjølvhevdning. Vidare skriv Askeland og Sataøen (2013, s. 134) at reell meistring er det me ser utanfrå, at nokon gjer. Det barnet sjølv opplever at det har gjort er den opplevde meistringa.

I fylgje Sandseter (2013, s. 58) kan den spennings- og risikofylte leiken gi barna verdifulle erfaringar, når barna seinare i livet skal meistra risikoar. Risikomeistring er når ein gjennom erfaringar ein gjer seg, får ein reaksjonsevne, motorisk kontroll, fysisk styrke og rom orienterings evne som gjer barna i betre stand til å handtera risikosituasjonar gjennom hensiktsmessige handlingar.

## 3.0 Metode

Her vil eg gjer greie for min forskings metode og prosess i arbeidet med denne bachelor oppgåva.

### 3.1 Val av metode

Eg har valt ein kvalitativ metode i denne oppgåva. Dette valet har eg tatt fordi eg ynskjer å vere tett på barna og få eit innblikk i deira uteleik i naturen. Eg ynskjer å få med meg både barna sitt samspel seg i mellom, og med naturen. Samt eg vil sjå på kva naturen inviterer barna til. For å finne svar på dette vil eg bruke observasjon som metode. Eg kjem til å ha med meg skrivesaker på turane, der eg kjem til å notere stikkord for så i etterkant å skrive praksisfortelling. Eg har valt å ha med meg ei barne gruppe på seks barn åleine som vaksen ut på tur i eit naturmiljø. Dette valet har eg tatt for å kunne få sjå på korleis naturmiljø utanfor barnehagen fremjar barna sin leik, utan at barna blir påverka av andre vaksne.

### 3.2 Kvalitativ metode

I fylgje Christoffersen og Johannesen (2012, s.16) vil ein innan samfunnsforskning finna både kvalitativ og kvantitativ metode. Kvantitativ metode kan vere mindre fleksibel enn kvalitativ metode. Ein av fordelane med kvantitativ metode kan vere at ein kan finna meining ved å samanlikna svar på tvers. Men det krev god forkunnskap for å kunne stille dei rette spørsmåla.

Kvalitative metodar tillater større grad av fleksibilitet og tilpassing i interaksjonen mellom forskar og deltakar. Relasjonane er mindre formell i kvalitativ enn i kvantitativ metode. Vidare skriv Christoffersen og Johannessen (2012, s. 59) at kvalitativ tilnærming er tekstens tale. I mitt arbeid var det den kvalitative metoden som passa best, då eg ynskjer å vera tett på barna i ein uformell setting. Løkken og Søbstad (2013, s. 35- 36) skriv at ein forskar på fenomen i sine vanlege omgivnader innanfor kvalitative forskings opplegg. Sentralt står nærleiken, følsemda og ein stiller open i samspelet med det som ein vil veta meir om. Målet med denne tilnærminga er meir forståing enn forklaring. Eg ynskte i mi oppgåve og vera tett på, og få ei forståing for naturens invitasjon til barna sin leik.

Christoffersen og Johannessen (2012, s. 65) hevdar at ein bruker teorien ein les deduktivt, dette for å få strukturen. Men som forskar innanfor det kvalitative feltet, vil ein og vera open for dei data som ein faktisk samle inn, dermed tenker ein også induktivt. I fylgje Postholm og Jacobsen (2017, s. 40 - 41 ) vil ein induktiv tilnærming sei at ein går ut i felten med eit ope sinn. Forskaren observerer og registrere det som skjer utan å ha forkunnskapar om det ein går ut og observere, medan ein ved ein deduktiv tilnærming veit kva ein vil sjå på. Med denne tilnærminga ser forskaren på det som forskaren tykkjer det er interessant å vete meir om. Ved ein pragmatisk tilnærming vil det vere ein interaksjon mellom det induktive og deduktive. I mitt arbeid visste eg kva eg skulle sjå på, eg førebudde meg ved å lese på teori og dermed var eg inne på ein deduktiv tilnærming. Men når eg var ute og observerte var eg open for at eg kunne finne andre funn enn det eg hadde førebudd meg på, dermed hadde eg ein induktiv tilnærming ute i felte.

### 3.2.1 Observasjon

Postholm og Jacobsen (2016, s. 51) skriv at observasjon må avgrensast rundt kor observasjonen skal gjennomførast, kven skal observerast og kva tidsperspektiv observasjonen skal ha. I min gjennomføring valte eg mi eiga barnegruppe, som er femåringar på min arbeidsplass. Dette var eit val som eg tok, både med tanke på tid eg har til rådvelde, men og på grunn av relasjonane me har. Eg ynskte å vera tett på borna, men ikkje som eit ukjent og forstyrrende element for barna. I fylgje Gold (siter i Postholm og Jacobsen, 2016, s. 52) er ein fullstendig observatør open samtidig som ein observerer i frå sidelinja. I mitt arbeid valte eg å vera open, barna visste at eg observerte og skreiv det som eg såg. Eg var på sidelinja for å ikkje påverka barna sin leik. Løkken og Søbstad (2013, s. 47) hevder at ein føresetnad for å kunne gjer ein strukturert observasjon er at ein veit kva ein skal sjå etter. Ein har ofte forkunnskaper om det ein skal observera. Usystematisk observasjon kan ein ikkje planlegge

på forhand. Det ein under observasjonen ser, registrerer ein fortløpande. Dette blir ofte kalla for praksisfortelling. I fylgje Løkken og Søbstad (2013, s. 54-55) kan praksisforteljingar definerast som ein detaljert og open forteljing. Praksisforteljingar inneheld ei byrjing, eit høgdepunkt og ein avslutning. Forteljaren bruker eit daglegdags språk, og er ikkje nøytral i forteljinga av si historie. Eg fann ut at det for meg vart naturleg å skrive praksisforteljing ut frå observasjonane eg fortløpande noterte meg rundt barna sin risikoleik ute på tur.

### 3.3 Etiske perspektiv

I fylgje Christoffersen og Johannessen (2012, s. 45-46) skal ein innhenta samtykke hjå foreldra om ein vil gjere undersøkingar der born under 18 år er med. Det er mogleg å innhente passivt samtykke, der ein informera foreldra og gjer dei moglegheit til å reservera seg mot at deira barn deltek. Det eg starta med var å sende informasjon til alle foreldra i barnegruppa. I skrivet informerte eg om at eg i mi bachelor oppgåve hadde valt å sjå på barna sitt møte med naturmiljøet, og at foreldra kunne reservera seg mot å la deira barn vere med i denne undersøkinga. I tillegg informerte eg om at dette var anonymt. Mine med kollegaer i barnehagen fekk og denne informasjonen. Dette valte eg å gjere for at alle både barn, foreldre og med kollegaer skulle få lik informasjon, og ikkje kjenne seg forbi gått på nokon måte. Barna informerte eg kvar gong me gjekk på tur, om at eg kom til å ha med meg ark og blyant, og skrive. Eg valte og ikkje bruke telefon eller diktafon, men heller skrive med blyant fordi eg trur barna hadde blitt forstyrra av at eg snakka inn i ein diktafon medan eg observerte.

### 3.4 Svake og sterke sider

I denne oppgåva valte eg og bruke barnegruppa som eg har i min barnehage der eg jobbar. Barna eg hadde med meg i denne oppgåva kjenner meg og eg kjenner dei. Dette kan på den eine sida vera positivt ved at då er eg som observatør ikkje ukjend for barna. Men på andre sida har eg kanskje eit farga syn på kva eg ser, at eg ikkje klarer å legge vekk tidlegare hendingar, og det då er med på å farger dei observasjonane eg nå finn. Barna kan og ha eit farga syn på meg, og kan kjenne seg avgrensa i sin aktivitet ved mitt nærvær. Det kan hende dei mest aktive barna fanga mi interesse og mine observasjonar. Dermed kan barn som var aktive på andre måtar ha blitt sett i skuggen. Ei svak side med oppgåva er tid eg har hatt til rådvelde. Det har vore knapp tid til å samle inn observasjonar og data materiell, dette førte til at det er kun ei barnegruppe og eit naturmiljø som er observert og samla inn observasjonar i frå. I tillegg har eg med meg eigen bagasje med djupe og gode opplevingar frå eigen barndom og leik ute i naturen. Dette kan gjere at eg ikkje er nøytral og dermed lagt eit for positivt blikk på mine eigne observasjonar.



### 3.5 Min forskning prosess

I fylgje Postholm og Jacobsen (2016, s. 125) er det vanskeleg å snakke om røynda når det er små element ein har observert. Det som er røynda på eit tidspunkt, treng ikkje å vera realiteten på eit anna tidspunkt. Difor er ikkje denne oppgåva eit sant svar på korleis naturmiljøet påverkar barnas leik. Eg ynskte å vera åleine som vaksen, slik at andre vaksne ikkje avgrensa eller fremja barna sine moglegheiter i deira uteleik. Barnegruppa eg hadde med meg var to gutar og fire jenter i femårsalderen. Naturmiljøet me gjekk til består av bergknausar med både store og små berg skrentar, trær, buskar, bekk og skråningar. For kvar tur me gjekk informerte eg barna at eg kom til å skrive. Då barna leika passa eg på å vere i nærleiken slik at eg fekk god oversikt til både å sjå og høyre. På denne måten tykkjer eg at eg fekk eit godt innblikk i barna sin her og no leik ute i naturen.

### 3.6 Analyse og presentasjon av datamateriale

I denne oppgåva skreiv eg ned stikkord, som eg i etterkant av situasjonane skreiv praksisfortellingar utifrå. Noko som eg raskt lærde meg, var at etter snarare eg fekk sett meg ned og skrive praksisfortellingar etter betre var det. Om det gjekk for lang tid, kunne eg gløyme vesentlege ting som eg ikkje hadde notert. Eg lærde meg og eit system der eg laga koder, fordi eg oppdaga raskt at eg ikkje kunne skrive absolutt alt. Dette fordi eg då ikkje kunne lyfte auga opp av arket, og fekk dermed lite synsinntrykk med meg i mine observasjonar. Eg ynskte både sjå å høyre.

Då eg hadde samla ein del praksisfortellingar, byrja analyse jobben. Eg analyserte praksisfortellingane og gjorde eit utval over kva for nokon eg ville presentere i drøfting, analyse og funn delen. Deretter gjekk eg gjennom teorien og fann kva teori eg ville drøfte opp mot mine observasjonar og funn. Desse funna vil eg presentere i funn, analyse og drøftings kapittelet der eg presenterer små utdrag av praksisfortellingar som eg så vil reflektere rundt for deretter å drøfte opp mot teorien.

## 4.0 Funn, analyse og drøfting

I fylgje Postholm og Jacobsen (2016, s. 102- 103) vil tekstar frå kvalitative data vere ein usamanhengande masse. Ein må finne eit mønster og ein struktur som kan gjere det ein studerer meir oversiktleg. For å finne mønster må analysen oppnå tre ting. For det fyrste må ein bryte teksten opp i mindre delar, enten tema eller hendingar. Deretter må ein binde saman delane att, som ein nå har fått større forståing av. Til slutt må ein tilføra meining til teksten, som må bli forstått og tolka. Eg gjekk gjennom mine praksisforteljingar og fant funn. Eg

måtte også gjer nokon utval, der eg måte ta eit val på kva for nokon praksisforteljingar eg skulle bruke. Valet mitt var å dele teori og datamateriale inn i tre delar, difor vil eg i dette kapittelet presentera tre underkapittel som er barn sin uteleik, den kulturelle uteleiken og motivasjon og meistring. Eg har valt å presentere ein praksisforteljing i byrjinga av kvart underkapitela som kjem, deretter vil eg drøfte praksisforteljingane opp mot teori for å svare på: *Korleis kan naturmiljøet påverke barna sin leik?*.

#### 4.1 Barns uteleik

«Haugen 07.03.18»

*Då me kjem fram til området vårt, byrjar barna og balansera på rekke og rad på treet som ligg på bakken. Deretter set dei seg ned og køyrer buss. Etter litt busskøyning, finn Sverre og Thale kvar sitt tre, som dei klatrar i. Lina klatrar og balanserer på nokre steinar, ho hoppar og frå ein stein over til ein annan stein. Thale klatrar oppover i treet, ho leiter etter fotfeste, finn eit og kjem seg oppover. Ho hopper ned, og Lina kjem springande bort og tek over treet. Ho klatrar opp til same punkt som Thale hoppa ned i frå, så hopper ho og ned. Nora står klar, ho klatrar oppover i treet, då ho har kome litt opp i høgda leiter ho etter fotfeste til ein fot, medan ho står på den andre foten sin. Plutseleg mister Nora balansen og dett ned, det er nok eit fall som er høgare enn mi eiga høgde, kan hende det er rett under to meter høgt. Ho landar på mosen under treet, og gret. Ho slo seg og eg sett meg ned saman med ho for å trøyste. Ganske raskt reiser ho seg og går bort til steinane og klatrar, balanserer og hoppar frå stein til stein. Plutseleg roper Nora: «kom» til dei andre, og spring ned over skråninga. Ho står øvst ved isrutsjebanen, ho seier kven som får rutsje ned fyrst, alle godtek dette. Det er latter og smil, dei sit på rumpa og rutsjar ned. Mari byrjar og klatre på alle fire opp isen att. Nora går oppreist og smilane bak «sjå eg skli ikkje», seier ho. Deretter kjem Thale gåande oppreist oppover isen. Denne runden fortset og fortset, alle rutsjar i tur og orden ned. Dei venter til alle er nede, så går dei opp att.*

##### 4.1.1 Barns leik, vennskap og affordances

I fylgje Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver

(Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 8) skal barnehagen bidra til ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik. Vidare står det i Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 19- 20) at leiken skal få gode vilkår, samstundes som alle opplever glede, humor, spenning og engasjement åleine, eller saman med andre i barnehagen. I fylgje mine observasjonar i «Haugen 07.03.18» er det nettopp gode

vilkår for leiken, her er plass og rom for alle til å vere med når ein er ute i naturen. Askeland og Sataøen (2013, s. 75) hevdar at vennskap bygger på felles aktivitetar rundt leiken. I «Haugen 07.03.18» observerer eg at barna skaper seg erfaringar gjennom felles aktivitetar saman med kvarandre. Dei klatrar i tre, då står dei nede og venter på tur til den oppe i treet kjem ned, så klatrar fyrste mann opp att. Dette er aktivitet som dei gjer saman. Barna rutsjar saman på isen og er i eit sosialt samspel rundt ein aktivitet. Eg tenker at dette kan vere med på å bygge gode vennskap.

Lysklett (2013, s. 66) meiner at når personalet kjenner området godt, kan dei velje område utifrå kva dei ynskjer barna skal få oppleve. Det å ha god tid og kjenne at ein har fridom er godt for både små og store. Då kan leiken blomstre utan at ein må bryte opp fordi noko anna skal skje som dei vaksne har bestemt. Det å kjenne eit område godt vil vere viktig for dei vaksne i barnehagen. Me kan gjera oss kjende ved sjølv å sjå kva naturmiljøet inneheld. I tillegg bør ein nok lesa teori eller andre sin forsking på uteleik i naturen for å halde seg oppdatert og vita kva kvalitetar ein sjølv bør sjå etter ute i naturen. Det beste må etter mi eiga meinig vere å gjere dette samstundes som ein observerer eiga barnegruppe og deira leik i dei ulike miljøa ein har tilgjengeleg rundt barnehage sin. Det vil og vera godt å ha planar for kva ein ynskjer barna skal få oppleve, men ein må vera open for at naturen kan invitera barna til ein annan leik enn kva du hadde planlagt. Wolf (2014, s. 84-85) hevdar at å møte eit barn som subjekt vil bety at ein møter barn som medmenneske, og møter barna sin leikande veremåte og uttrykksform som meningsfull. Dette tolkar eg til at den leiken som barna blir inviterte til er den viktigaste, ikkje at barna skal leike det eg hadde planlagt fordi det er det rette. Barna skaper sjølv mening i sin leik, men eg kan planlegge å ta med barna til miljø som er rike og tilbyr barna ulike kvalitetar.

Fjørtoft (2013, s. 186-187) skriv at ein kan forstå omgrepet affordances som omgjevnadane, eller det eit element i landskapet tilbyr og invitera til bruk som. Wolf (2014, s. 45-47) hevdar at affordances er kvalitetar ved objekt eller omgjevnadane som oppfordrar og mogleggjer ei handling. I fylgje Sandseter (2014, s. 20-21) vil eigenskapane i barna sitt leikemiljø påverke barna sin leik. I mine observasjonar i «Haugen 07.03.18» ser eg at treet som låg nede på bakken inviterte barna til å balansere på treet. Det var også treet som inviterte barna til å klatra, og isen som låg ned skråninga ropte etter å bli sklidd ned på. Men det er ingen fasitsvar på korleis barna kan ta i bruk dei ulike elementa. Barna i mi gruppe fann stor glede av å utforske og kome seg opp denne isen også, det var ikkje berre å rutsje ned. Dei kravla opp

isen att på alle fire, nokon klarte å gå oppreist opp. Men barna gjorde dette i eit samspel, alle venta til alle hadde rutsja ned, deretter gjekk alle opp, før den fyrste rutsja ned att.

Fasting (2013, s. 12) forska på barns leik og leikestader. Ynskje til Fasting (2013, s. 65-69) var å utvikle kunnskap om barna sin leik og leikestader. Ho gjennomførte sitt prosjekt saman med ti barn som alle gjekk i femte klasse. Funna som Fasting (2013, s. 191) gjorde var at barna sin leik inneheldt mykje bevegelse. Barna eksperimenterte med eigen kropp og grenser. Fasting (2013, s. 249-250) reknar opp sine funn slik: rørsle, fantasi og kreativitet er viktig i barna sin leik, som er gjentakande og eksperimentell. Barna var særskilt knytte til leikestadane og elska sin leik. I mine funn finn eg mykje av det same som Fasting her har gjort. I «Haugen 07.03.18» ser ein glede til barna over deira leik i dette miljøet. Om barna ser på denne staden som sinn stad kan eg på den eine sida, med min vesle studie ikkje slå fast. Men på den andre sida viser barna stor glede gjennom både smil og latter, som eg tolkar til at barna trivest på denne staden. Leiken deira ber preg av mykje rørsle og lite stillesitjing. Ein kan klatre både i tre og på steinar, i tillegg kan ein balansere på både steinar og tre som ligg nede på bakken. Eller om ein bruker fantasien og kreativiteten kan ein køyre buss som barna i «Haugen 07.03.18» blei inviterte til av treet som låg på bakken. Det som gjer det ekstra spanande er at det berre er barnas eigen fantasi som avgrensar eller påverkar moglegheitene naturmiljøet har for bruk.

#### 4.1.2 Barns risikoleik ute i naturen

Sandseter (2014, s. 13) hevdar at det vestlege velferdssamfunnet gjer barna sin oppvekst så trygg og komfortabel som mogleg. Ein definisjon på risikoleik er i fylgje Sandseter 2010, b (Siter i Sandseter, 2014, s. 14) leik som er spanande og utfordrande, som inneheld kjensle av usikkerheit og at det er ein fare for at ein kan skada seg fysisk. Denne leiken er som oftast ute i frileik. Fasting (2017, s. 53) hevdar at det ligg i naturen hjå barn å utforska seg sjølv og omgjevnadane. Mellom det som er skummelt og det som er kjekt, ligg skjeringspunktet til det som driv barna til risikoleik. Slik eg tolkar mine observasjonar i «Haugen 07.03.18», står Nora i kø for å klatre i treet. Men då ho har klatra høgt opp, finn ikkje Nora fotfeste til den eine foten. Dette er nok ein medverkande årsak til at ho dett ned i frå treet. Det kan og hende at ho ikkje hadde så mykje erfaring med det å klatre i tre. Men dette er altså resultatet av ein kjekk klatreleik, som resulterte i et fall. Nora gret og har det vondt, kanskje ho i tillegg vart skremd over hendinga. Men dette gav ho nye erfaringar til å ha med seg vidare i sitt liv. Ho fekk vondt, men vart ikkje alvorleg skada, ho reiste seg opp att for å fortsetje leiken og balanserte og hoppa frå stein til stein. Også i den leiken som ho fortsette med kunne ho dette

og slå seg på ein av steinane. Men kanskje det var kjensla av spenning og usikkerheit kring om ho kom til å klara å hoppa over til neste stein, eller om ho klarte å balansera over heile steinen utan å dette ned som dreiv ho vidare i sin utforskande og undrande leik i samspel med naturen.

Ein kan kategorisere risikoleik inn i seks kategoriar i fylgje Sandseter 2007 (Sitert i Sandseter, 2014, s. 14). Kategoriane er leik i store høgder, leik med stor fart, leik med farlege reiskap, leik nær farlege element, leik som inneheld kamp, den siste kategorien er leik der barna kan gå seg vill eller forsvinne. I mine observasjonar i «Haugen 07.03.18» ser eg at dei kategoriane som er representert, er leik i store høgder, ved at barna klatrar i tre. Leik med stor fart er representert her ved at barna sklei ned den bratte isen, her fekk barna stor fart. I denne kategorien høyrer nok barna sin leik med sykklar, eller når barn husker, då kan ein ha både stor fart og høgde samstundes. Leik der barna kan gå seg vekk eller forsvinne er representert i denne observasjonen. Det er ikkje gjerde som avgrensar det store området, som til slutt går over i skog før ein endar på små fjelltoppar. Det er heller ikkje avgrensa andre vegen, ned mot sjøen. Dei kategoriane som eg ikkje fann er leik med farlege verktøy, dette tenker eg kan vera om me har med oss sag, hammar og spiker eller kniv på tur. Leik nær farlege element kan vera om barna leikar nær gruva med bål eller nær sjø eller bekk. Barna sin kampleik, kan vera når barn leikeslåst og tumlar rundt saman på bakken, eller når dei fektar med pinnar og bruker desse som sverd.

Sandseter (2009, s. 440) samanlikna to barnehagar i si forskning. Her såg ho på leikemiljøa til desse to barnehagane, der den eine var ordinær og den andre var naturbarnehage. Sandseter (2009, s. 445-446) fann at det var ganske likt, dei mest vanlege formene var leik i stor høgde eller med stor fart. Men nivået på risikoleiken var høgast i naturbarnehagen. Dette fordi leikemiljøet var meir utfordrande og tilbydde meir risiko. Eg kan støtte meg på dette med min vesle studie av korleis naturmiljø kan påverka barna sin leik. På den eine sida viser mine funn at det er leik i stor høgde eller stor fart, som er vanlegaste former for risikoleik blant barnegruppa i min studie. Men på den andre sida kan ikkje dette samanliknast då eg ikkje har observert både ein ordinær barnehage og naturbarnehage. Mine funn er kun basert på observasjonar ute i naturmiljø.

#### 4.2 Den kulturelle uteleiken i naturmiljøet

«Klatretre i haugen 20.03.18»

*Sverre og Mari har klatra opp i kvart sitt tre. Mari ropar ned og spør kven som vil vera reven i Hakkebakkeskogen. Sverre hevdar frå sitt tre at han er Klatremus. Det er*

*Mari også, dei to byrjar å synge «so ro lille mann». Mari roper ned til Thale, «kan du hive opp ei kongle til meg»? Thale går for å finne ei kongle som ho hiv opp til Mari, før ho går for å balansere over eit tre som ligg nede på bakken. Thale går bort til Mari «sitt» tre, roper til meg at «Mari deler ikkje» eg svarer: «Men her er jo mange tre». «dei er ikkje lika gode» svarar Thale, men ho går for å leita. Då ho kjem tilbake føreslår ho til Sverre at ho kan vera på andre sida i treet for han. Han godtek det og Thale klatrar smilande opp. Sverre flyttar seg i treet for å gi plass til ho som kjem klatrande opp, «denne er trygg, men oi denne vett eg ikkje». Det er greinene han flyttar seg til han snakkar om. Sverre mister skoen sin ned, og Thale tilbyr seg at ho kan henta skoen. Men då ho er komet ned på bakken ser ho at Mari er på veg ned frå sitt tre, Thale spring så fort ho klarer bort til treet, men der står Lina allereie klar til å klatre opp. Thale spring å roper «Nei» ho sett seg bak eit lite berg, berre den kvite dusken på hua hennar viser. Sverre som har god utsikt frå sin plass høgt oppi treet, ser at Lina er på veg ned att, og han roper «Nå synest eg det er Thale sin tur». Thale høyrer dette, reiser seg og kjem fram. Sverre roper «skund deg, spring». Thale spring fort bort til treet, og klatrar opp med eit stort smil.*

I fylgje Zachrisen (2015, s. 19-20) kan ein sjå leik gjennom to tilnærmingar. Den eine er leik som ein arena for konflikter og konkurranse, men også samarbeid og djupe opplevingar saman. Den andre tilnærminga ser leiken som ei viktig læringsform og leiken sin eigenverdi. I fylgje Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 52) skal barn få kjenne på naturen som ein arena for leik og læring.

I fylgje mine observasjonar i «Haugen 20.03.18», tolkar eg at det kan vere ei kime til konflikt med det populære klatretreet. Det er konkurranse om kven som skal klatre i det treet. Men eg ser også samarbeid, Mari og Thale samarbeida om å hive kongla opp, medan Sverre samarbeider og gir plass til Thale i «sitt» tre. Den siste innfallsvinkel er leiken som læringsform. Fasting (2013, s. 232- 235) fann i si forking, at barna var i kroppsleg dialog med omgivnadane. Eg observerer at Sverre snakkar med seg sjølv når han gir plass til Thale i treet. Han seier «den greina er trygg, men den vett eg ikkje». Dette tolkar eg til at han har gjort seg tidlegare erfaringar, som går på korleis trygge greiner både ser og kjennest ut. For det fyrste lærer Sverre om tre, og for det andre lærer han om eigen kropp oppi treet. Kva greiner toler av tyngda hans. Sverre er i dialog med seg sjølv og treet, for å trygt kunne flytte seg, slik at Thale også kan komme opp til han. På den eine sida er det vanskeleg frå utsida å svare på om barna fekk gode og djupe opplevingar. Det er det barna sine indre kjensler som

kan seie noko om. Men på den andre sida observerte eg både smil og latter hjå barna, dette tolkar eg til at barna hadde ei god oppleving.

I fylgje Wolf (2014, s. 13) er leiken ein kulturelt definert konstruksjon, Fasting (2013, s. 231) hevdar at ein tradisjonelt har naturen å leike med i uteleiken. Ho fann ut at barna i hennar forskning klarte å leika utan tradisjonelle leiker, men det er ikkje ei sjølvfølge at barn kan. Wolf (2014, s. 17-19) hevdar at vaksne sitt syn på leiken påverkar barna sin leik. Ein kan ved å sjå på leiken gjennom barna sitt perspektiv, oppdaga leiken sine verdiar. I mine observasjonar i «Haugen 20.03.18» leikar barna Klatremus i Hakkebakkeskogen. Mari var oppteken av detaljer som å få med seg ei kongle opp i treet. Om ein ser Hakkebakkeskogen ser ein at klatremus har kongle med seg oppe i treet som han hiv ned. Dette tolkar eg til ein kulturell konstruert leik. For det fyrste, om det hadde vore barn med på denne turen som var frå eit anna land, er det ikkje sikkert dei hadde visst kven Klatremus er. Men for det andre er det heller ikkje sikkert at dei er vane med å klatre i tre, som denne barnegruppa som eg var heldig å få vera på tur saman med er. Ved å få observere denne barnegruppa, fekk eg eit innblikk i leiken sin verdi. Eg såg at det å få den kongla opp var viktig, og eg forstod kvifor. Om eg ikkje hadde vore der for å observera leiken, men gått rundt for å telje barn og passe på, og heilt tilfeldig såg ho som heiv kongle opp i treet, kunne eg nok sagt at ein ikkje skal hive kongler. Men nå visste eg at ho oppe i treet bad ho nede på bakken om hjelp til å få opp ei kongle, og eg forstod kvifor. Klatremus har jo nemleg ei kongla med seg oppe i treet.

#### 4.3 Barns motivasjon og meistring ute i naturmiljøet «Berget 05.03.18»

*På veg bort til naturområdet til barnehagen seier Mari til Lina: «å eg veit om ein fin plass å hoppe». Dei spring bortover, Mari fyrst med Lina hakk i hæl. Dei stopper med berget som har ein bratt skrent ned til den eine sida. Denne skrenten skrår ifrå den ligg i eitt med underlaget, til den er ca to meter høg frå underlaget og opp. På toppen er dette berget dekket av mose, som er mjukt og godt til å gå eller sitje på. Dei to jentene går oppå berget, Lina står heilt nedst, Mari litt lenger oppe, men langt i frå midten. «Me hoppe på likt smiler dei to». Dei tel «ein, to» og hoppar. Begge ler når dei landar, smiler og ser på kvarandre. Mari: «ein gong til»? «Ja» svarer Lina, dei går opp igjen. Lina står på same plass, Mari går litt høgare enn sist. Dei to kikkar på kvarandre, eg høyrer dei seier «ein, to» i kor før dei hoppar leande. Tredje runde går Lina litt høgare enn sist, ho seier til Mari: «du vågar å hoppe frå toppen»! Mari*

*svarer «kor då»? Lina peiker og seier frå den mosen der. Dette er ei hylle som ligg litt lenger ned så det er rundt ein meter over bakken. Mari litt usikker i stemmen «eg vett ikkje». Lina fortset «jo, du vågar!» Mari tek sats og hopper. Lina jublar «hurra! Du er tøffe Mari». Lina seier sjå nå, eg hopper herifrå. Ho står nå enda litt høgare oppe enn sist, tek sats og hoppar. Mari roper glad: «Bra Lina!» Lina seier «eg veit om ein ny plass». Dei spring Lina fyrst som vegvisar med Mari hakk i hæl. Dei stoppar ved ein stein som ligg på ein mosedekka skogsbotn. Den er ikkje høg, men Lina klyv opp og hoppar fyrst. Deretter klyv Mari opp og hoppar, dei to ligg strekk ut og kviler litt på mosebotnen.*

I fylgje Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver

(Utdanningsdirektoratet, 2011, s. 49-50) skal barn få kjenne på motivasjon og meistring utifrå eigne føresetnader. Ein skal få oppleve og meistre risikoleik. Vidare står det i Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 11) at barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon. Barnehagen skal bidra til å jamne ut sosiale skilnader, barna skal oppleve trivsel, livsglede og meistring. I fylgje Sandseter (2013, s. 53) gir risikoleiken barna glede, frykt, grensesprenging og meistring. Som ein ser i «Berget 05.03.18) har det ingen ting å seie om kven som har den dyraste jakka, dei finaste skoa, finaste huset eller bilen for barna som er ute i leik i naturen. Her betyr den materialistiske standaren ingenting. Uansett kan alle leika på lik linje. På den eine sida kan det ha innverknader på barna sin leik om kor behagelege kler og sko dei har til å klatre, hoppe og vera aktive i. Men på den andre sida ser ikkje naturen på kva merke kledda er, det påverkar ikkje barna sin leik. Difor kan naturen vere med på å jamne ut sosiale skilnader ved at alle stiller på lik linje, og det er barna og naturen i samspel som gir glede, grensesprenging og meistring.

I fylgje Askeland og Sataøen (2013, s. 130- 132) er motivasjon det som får oss til å ville gjere noko. Ein kan dele motivasjon i to, indre og ytre motivasjon. Fasting (2017, s. 56) hevdar at nokre barn er flinke til å motivera og starte leikar saman med andre barn. I fylgje mine tolkingar i frå «Berget 05.03.18», ser eg at Lina motiverer Mari. Det er nok å seie «du vågar». For Mari ho vågar å hoppe ifrå toppen. Kan hende hadde Mari eit indre ynskje om å klare det, slik at det var den indre drivkrafta hennar sjølv som gjorde at ho hoppa i frå toppen. Eller så kan det ha vore Lina sin motivasjon, kan hende var det eit ynskje om å verta anerkjent av Lina som gjorde det. Men det kan også ha vore eit samspel mellom den indre og den ytre motivasjonen. Lina hadde eit sterkt ynskje om sjølv å meistre å hoppe ned dette berget. I



fylgje mine observasjonar gjekk ho litt lenger opp for kvar gong, og til slutt leia ho leiken vidare til at dei to barna hoppa ifrå ein stein.

Fjørtoft (2001, s. 112-117) undersøkte effekten av barna sin utandørsleik og barna sine motoriske evner og meistring. Ho fann ein stor effekt i barna sin balanse og koordinasjon, som er av stor betydning for generell meistring av eigen kropp i det fysiske miljøet. Askeland og Sataøen (2013, s. 131- 133) skriv at å meistre er ei kjelde til glede. Positive meistring opplevingar vil fremje nye forsøk på meistring. I fylgje mine observasjonar går Lina litt høgare opp for kvar gong ho hoppar. Dette tolkar eg til at ho liker kjensla meistring gir og ynskjer å meistre meir, difor utfordrar ho seg sjølv ved å gå litt høgare opp for kvar gong. Askeland og Sataøen (2013, s. 134) skriv at reel meistring er det me ser utanfrå at nokon gjer, medan den opplevde meistringa er det barnet sjølv opplever at det har gjort. Det eg i mine observasjonar ser at Lina og Mari meistrar er den reelle meistringa. Medan meistringa dei sjølv opplever er den opplevde meistringa.

Sandseter (2013, s. 58) skriv at risikoleik kan gi barna verdifulle erfaringar når dei seinare i livet skal meistra risikoar. Vidare skriv Sandseter (2014, s. 16- 18) at barn driv med risikoleik for den positive opplevinga det gir, samt at det gir viktig erfaringar i sosiale ferdigheiter. Barn leikar ofte saman når dei klatre, akar eller sklir. Om denne leiken til Lina og Mari kan tolkast til risikoleik, kan ein diskutere. Men det dei sjølv kjenner på er om dei vågar å hoppe. Eg tolkar dette til at dei kjenner på spenning. Dei kan skade seg når dei hoppar ned i frå det høgaste, men ikkje livstruande. Dei to barna har og eit samspel seg i mellom, dei tel saman og hoppar på likt. Dei har ein fellesskap der dei motiverer kvarandre til å våge og meistre.

I dette kapitlet har eg gjort eit utval av mine observasjonar, desse har eg presentert som tre praksisforteljingar i byrjinga av kvart underkapittel. Deretter har eg drøfta mine observasjonar opp mot teori. Mine funn i denne vesle studien vil eg presentera i det neste kapitlet.

## 5.0 Avslutning og konklusjon

I denne oppgåva har eg fordjupa meg i relevant teori, og brukt observasjon som metode for å samle inn empiri frå ei barnegruppe og deira møte med eit naturmiljø. Mine observasjonar har eg i etterkant analysert for så å ta eit utval. Eg valte ut tre praksisfortellingar, desse brukte eg i drøftingskapitlet for å drøfte teori opp mot mine funn.

Min innsamling av empiri var i månadene frå midten av februar, mars og til byrjinga av april i år 2018. Hadde eg hatt lengre tid på denne innsamlinga, kunne kanskje oppgåva fått eit anna grunnlag å gå ut i frå. Eg vil no presentere funn som eg fant i dei tre ulike praksisforteljingane. Problemstillinga i min bachelor oppgåve spør: «*Korleis kan naturmiljø påverke barna sin leik?*». Ut frå mine funn ser eg i praksisforteljing «Haugen 07.03.18» at barna er saman i leiken, dei skaper seg felles erfaringar. Ut i frå dette ser eg at leiken har gode vilkår og at dei sosiale samspela er med på å bygge gode vennskap. Borna blei inviterte av naturen til å balansere over tre som låg nede på bakken, til å klatra i tre og til å skli ned isen. Fasting (2013, s. 249-250) fann i si forskning at bevegelse, kreativitet og fantasi er viktig for barna sin leik. Borna leika mykje i skogsholt, skrentar og trer. Mine funn samsvarer med Fasting sine funn, barna var i bevegelse og brukte tre til å klatra i. Vidare ser eg i denne praksisforteljinga at risikoleiken er representert ved leik i høgder, der barna klatra i tre, og med stor fart der barna sklir ned isen. Dette samsvarar med kva Sandseter (2009, s. 445-446) fant i si forskning, dei mest vanlege formene for risikoleik var leik i stor høgde eller med stor fart.

Fasting (2013, s. 232-235) fant i si forskning at barna var i kroppsleg dialog med omgivnadane. Dette samsvarar med det eg finn i praksis forteljinga «klatretre i haugen 20.03.18», der ser me at Sverre er i dialog med seg sjølv om kva grein som er trygg og kva for ei grein som ikkje er trygg å flytte seg til. Vidare fant Fasting (2013, s. 231) at barna i hennar forskning klarte å leike utan tradisjonelle leiker, noko som ikkje er ein sjølvfølge. Som me ser i «klatre tre i haugen 20.03.18» klarer barna i min vesle studie og leika utan tradisjonelle leiker. Borna bruker dei moglegheitene naturen gir dei. Me ser at barna leiker Klatremus i Hakkebakkeskogen, difor er eit av mine funn at borna i min vesle studie har den kulturell leiken.

I min vesle studie ser eg at barna kan meistre ut frå egne føresetnader. Dette kjem fram i praksisforteling «Berget 05.03.18) det har ikkje noko å sei kven som har flest og dyrast leiker heime på rommet sitt, eller dei dyraste merke kledda på seg. Ute i naturen stiller alle på lik linje, som igjen kan føre til å jamne ut sosiale skilnader. Men ein kan også sjå her i denne praksisforteliga at barn motiverer kvarandre til å meistre. Det å kjenne på at ein meistre ser eg at kan føre til nye forsøk på å utfordre seg sjølv, slik at ein kjenner kjensla av å meistre.

Konklusjonen min er at naturmiljøet kan påverka barna gjennom affordances, altså kva omgivnadane invitera barna til, og kan både vere med på å påverke barna sin kulturelle leik og å jamne ut sosiale skilnader då alle stiller på lik linje ute i naturen. I tillegg kan naturen fremje både motivasjon og meistring i barna sin leik. Borna leikar ofte saman i eit sosialt fellesskap.

Det er leik i høgder eller leik i stor fart, i tillegg til leik der barna kan gå seg vekk som er dei mest vanlege formene for risikoleik i min studie.

Det hadde vore interessant og samla inn empiri frå eit lengre tidsperiode, og gjerne der fleire naturmiljø og barnehagar hadde vore representert. I fylgje Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (Utdaningsdirektoratet, 2017, s. 49) blir det påpeika at barn skal få delta i aktivitetar der dei får bevega seg, samarbeide og leika med andre. Barna skal få kjenne på motivasjon og meistring. Som framtidig barnehagelærer kjem det fram nye spørsmål i etterkant av denne oppgåva. Eg tykkjer det hadde vore interessant og sett på vaksenrolla ute i naturen og rundt barna sin fri leik. Samstundes undrar eg meg over kor medvitne er pedagogane på kva kvalitetar eit godt leikemiljø ute i naturen bør innehalda?

## Kjelder

- Askland, L., & Sataøen, S. O. (2013). *Utviklingspsykologiske perspektiver på barns oppvekst* (3. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Christoffersen, L., & Johannesen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt.
- Fasting, M. L. (2017). *Barns utelek*. Oslo: Universitetsforlaget AS
- Fasting, M. L. (2013). «Vi leker ute» *Ein fenomenologisk hermeneutisk tilnærming til barns lek og lekesteder ute*. Oslo: Novus AS
- Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver. (2017). *Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.
- Fjørtoft, I. (2001). *The Natural Environment as a Playground for Children: The Impact of Outdoor Play Activities in Pre- Primary School Children*. Early Childhood Educations Journal, Vol.29, No. 2, Winter (2001).
- Fjørtoft, I. (2013). Barn og bevegelse: Læring gjennom landskapet. I E.B.H. Sandseter, T.L. Hagen, & T. Moser (Red.), *Barnas barnehage 3 kroppslighet i barnehagens pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse* (2. utg., s. 180-195). Oslo: Gyldendal akademiske.
- Lysklett, O.B. (2013). *Ute hele uka Natur- og Friluftsbarnhagen*. Oslo:Universitetsforlaget AS.
- Løkken, G., & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen* (4. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Postholm, M.-B., & Jacobsen, D. I. (2016). *Læreren med forskerblikk: Innføring i vitenskaplig metode for lærerstudenter*. Cappelen Damm.
- Sandseter, E.B. H. (2009). Affordances for Risky Play in Preschool: The importance of Features in the Play Environment. *Early Childhood Eduj J* 36:439-446. DOI 10.1007/s10643-009-0307-2
- Sandseter, E. B. H. (2013). Det opplevelse- og spenningssøkende barnet. I E. B. H. Sandseter, T. L. Hagen, & T. Moser (Red.), *Barnas barnehage 3 kroppslighet i barnehagens pedagogiske arbeid med kropp, bevegelse og helse* (2 utg., s. 53-64). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Sandseter, E. B. H., & Jensen, J.O. (Red.). (2014). *Vilt og farlig – om barns og unges bevegelselek* (1.utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Zachrisen, B. (2015). *Like muligheter i lek? Interetniske møter i barnehagen*. Oslo: Univeristetsforlaget AS
- Wolf, K. D. (2014). *Små barns lek og samspill i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget.

## Vedlegg

### Foreldreinformasjon

# ***Hei!***

Her kjem til litt informasjon til dykk foreldre.

Som dykk veit går eg ..... fjerde og siste året på barnehagelærer studiet ved HVL (Høgskulen på Vestlandet). I den forbindelse skal eg nå gå i gang med bachelor oppgåva. Eg har valt å sjå på ***korleis kan naturmiljøet påverka barn sin leik***. Eg ynskjer å observera barnegrupper i ulike deler av den fantastiske naturen me har i vårt nærområde. Alle barn som er med blir anonymisert, og det er positivt vinkla på kva naturen sitt miljø inviterer barna til.

Dersom dykk lurar på noko, ikkje ver redde for å ta kontakt med meg, eg skal svara etter beste evne. Dersom dykk ikkje ynskjer at eg skal observera dykkar barn, ver vennleg å gi meg eller nokon av dei andre vaksne på avdelinga ein beskjed.

Med beste helsing .....

## Praksisforteljing «Haugen 07.03.18»

Tysdag 07. 03.18.

Mari, Lina, Sverre, Nora, Thale

Kl 13.00 til 14.00.

Då me kjem fram til området vårt, byrjar barna og balansera på rekke og rad på treet som ligg på bakken. Deretter sett dei seg ned og køyrer buss. Etter litt buss køyring, finn Sverre og Thale kvar sitt tre, som dei klatrar i. Lina klatrar og balanserer på nokre steinar og hopper i frå ein over til ein annan stein. Thale klatrar oppover i treet, ho leiter etter fotfeste, finn eit og kjem seg oppover. Ho hopper ned. Lina spring bort og tek over treet. Klatrar opp til same punkt som Thale hoppa ned i frå, så hopper ho og ned. Nora står klar, klatrar opp, ho leiter etter fotfeste, står på ein fot, mister balansen og dett ned. Eg trøystar ho. Ganske raskt reiser ho seg og går bort til steinane og klatrar og balanserer på dei. så roper Nora: «kom» til dei andre, og spring ned over skråninga. Ho står øvst ved is rutsjebanen, ho seier kven som får rutsje ned fyrst, alle godtek dette. Det er latter og smil, dei sitt på rumpa og rutsjar ned. Mari byrjar og gå eller klatre på alle fire opp isen at. Nora går oppreist og smilane bak «sjå eg sklir ikkje» deretter kjem Thale oppreist og gåande opp isen. Denne runden fortsetter og fortsetter alle rutsjar i tur og orden ned. Venter til alle er nede, så går dei opp at. På heim veg klatrar Thale og Mari opp det berget som skrå i frå bakkenivå til det er ca to meter over bakkenivået. Begge smiler og ler når dei er trygt oppe. På eit anna berg som dei andre barna går fyrst ned i frå, tek Thale og Mari den brattaste ruta til dette berget, dei rutsje på rumpa ned.

### Praksisforteljing «Berget 05.03.18»

Nora, Thale, Kåre, Sverre, Mari og Lina.

Måndag 05.03. 2018 kl 0745 til kl 09.00.

Tur i beite til svein.

På veg bort til naturområde til barnehagen seier Mari til Lina: «å eg veit om ein fin plass å hoppe». Dei spring bortover, Mari fyrst med Lina hakk i hæl. Dei stopper med berget som har ein bratt skrent ned til den eine sida. Denne skrenten skrå i frå den ligg i eitt med underlaget, til den er ca to meter høg frå underlaget og opp. På toppen er dette berget dekket av mose, er mjukt og godt og gå eller sitte på, og det er slett og lite ujevneheit å gå på. Dei to jentene går oppå berget, Lina står heilt nedst, Mari litt lenger oppe, men langt i frå midten. «Me hoppe på likt smiler dei to». Dei tel, ein, to og hopper. Begge ler når dei landar, smiler og ser på kvarandre. Mari: «ein gong til»? «Ja» svarer Lina, dei går opp igjen. Lina står på same plass, Mari går litt høgare enn sist. Dei to kikkar på kvarandre, eg høyrer dei seier «ein, to» i kor før dei hoppar leande. Tredje runde går Lina litt høgare enn sist, ho seier til Mari: «du tør hoppe frå toppen!» Mari svarer «kor då»? Lina peiker og seier frå den mosen der. Som er ei hylle som ligg litt lenger ned så det er rundt ein meter over bakken. Mari litt usikker i stemmen «eg vett ikkje». Lina fortsetter «jo du tør!» Mari tek sats og hopper. Lina jublar hurra! Du er tøffe Mari. Lina seier sjå nå, eg hopper herifrå. Ho står nå enda litt høgare oppe enn sist, tek sats og hoppe. Mari roper glad «Bra Lina!» Lina seier «eg veit om ein ny plass». Dei spring Lina fyrst som vegvisar med Mari hakk i hæl. Dei stoppar ved ein stein som ligg på ein mose dekk skogsbotn. Den er ikkje høg, men Lina klyv opp og hoppar fyrst. Deretter klyv Mari opp og hopper dei to ligg strekk ut og kviler litt på mosebotnen.

## Praksisforteljing «Klatretre i haugen 20.03.18»

Tysdag 20. 03. 18 kl 09.30 – 10.40.

Mari, Lina, Sverre, Nora og Thale.

Då me kjem fram til bussen, legg Sverre og Thale seg rett ned. Mari klatrar oppi i eit tre, ho roper «oi oo aa oi» Thale sett seg i mellomtida oppå treet som ligg på bakken, og som ofte er buss. Lina spør Mari «Koss fekk du deg opp der?»

Mari: «eg klatra»

Lina, Sverre og Thale i kor: «det klarer me og».

Sverre spring og finn eit tre «Ingen andre kan ta dette».

Mari: «Kven vil vera reven i hakkebakkeskogen?».

Sverre i frå sitt tre : «eg er klatremus spillemann».

Mari: «eg og er det, men kven vil vera rev?» ser på dei nede på bakken.

Sverre: «Eg kjem aldri ned, å nei, å nei!»

Sverre og Mari: syng «so ro lille mann, nå er dagen over. Alle barn i alle land ligger nå og sover. Sov i ro, sov du vesle spire. Nå er dagen over»

Mari roper ned til Thale : «kan du hive opp ei kongla til meg»? , peiker på bakken ved Thale.

Thale leiter litt, finn ei kongle, som ho hive opp.

Sverre: «eg er ikkje med lenger, eg er berre Sverre nå»

Lina finn seg ei rot som stikk høgt opp av bakken, den klatrer ho opp på, sett seg ned og held balansen, styrer med armar og bein. Thale balanserer på treet som ligg på bakken, så stiller ho seg under treet Mari er i. Thale roper til meg «Mari deler ikkje».

Eg: «men det er mangen trer her»

Thea : «Dei er ikkje lika gode» men ho går og leiter, kjenner og ser på fleire tre, før ho smilande kjem springande tilbake. «nå vett eg det, eg kan vera på den sida, og du på den andra sida seier ho til Sverre.



Sverre: «Ja».

Sverre flyttar på seg i treet for å gi plass «denne er trygg, men oii, denne vett eg ikkje»

Sverre: «oi, eg mista skoen»

Thale: «berre vent, eg kan henta den». På veg ned blir ho sittande fast med skoen sin, men klarer å komme seg opp at, får laus skoen, og går ned at. Samtidig er Mari på veg ned frå sitt tre. Lina står klar under og ventar. Thale spring bort «det er min tur»

Lina : «neihei, eg står fyrst i køen»

Thale brøler sint, spring fort av gårde for å gøyme seg, eg ser kunn den kvite dusken på hua hennar som stikk opp frå ein stein.

Sverre: «kva med skoen min då?» eg gir skoen til han. Medan Sverre er i treet, høyrer eg han seier til seg sjølv. den vett eg ikkje om er trygg. Men denne er. Han snur seg i tre og flytter seg i frå ei grein til ei anna. Lina går ned i frå det andre treet. Sverre som har god oversikt i frå der han er roper: «Nå synest eg det er Thale sin tur» han kviskrer «skyndt deg Thale». Thale dukker opp i frå ein stein. Kjem smilande fram og spring mot tre. Ho klatre opp med eit stort smil.

Thale: «Å nei, eg får meg ikkje ned at». Etter litt prøving og litt byte av greiner frå både føter og armar kjem ho seg ned. «Eg klarte det jo.» Sverre kjem bort til tre. Thale klyv lyn raskt opp at i tre :«dokk må telle til tretti, for eg har berre hatt det litt». Sverre tel høgt til tretti, Thale kjem ned og spring bort til det andre treet, medan Sverre klatrar opp.